

Oppslags- nr.	Løpe- nr.	Namn i off. bruk / framlegg	Vedtak	Namne- objekt	Merknader
71272	1	Lunde	Lunde	Gard 49	<u>Uttale:</u> /løn`de/, jf. Norske Gaardnavne, /"løn`de/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. I bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no står det at garden av bygdefolket er kalla "Bergside-Løn`de" til skilnad frå "Stryne-Løn`de" eller Indre- og Ytre-Løn`de i Strynebygda. <u>Skrifttradisjon:</u> Lunde i 1886-, 1907-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Lunde i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009, Lunde i økonomisk kartverk frå 1967 og i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no frå 1932 og frå 1973. <u>Høyringsvar:</u> Per Lunde, grunneigar på bruk 49/2 og 49/3, skriv at Lundaneset, Lundahella, Lundastranda, Lundasetra og Lundahammaren er dei rette namneformene, og at dei er i tråd med daglegtalen i Bergside-grenda. Dei har aldri sagt t.d. Lundestranda, men daglegtalen har Løn`de og Løn`dastranda osv., der ø-en aldri har vore brukt i skrift og heller ikkje er ynskt. Han legg til at Lunde er gamal dativsform av lund, jf. gamalnorsk lundr i nominativ, og lundar i genitiv, der sistnemnde form er opphavet til Lunda- i samansetningar. Matias O. Lunde, grunneigare på bruk 49/1, seier seg samd i høyringssvaret frå Per Lunde. <u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at den nedervde, munnlege namneforma er «Løn`de», men at det ikkje kan vera tvil om at det er ordet lund m. som ligg til grunn for gardsnamnet, og dei tilrår difor skrivemåten Lunde. Dei syner elles til at det i høyringa ikkje er registrert noka usemje om korleis namnet bør skrivast, og at det i dei innkomne merknadsbrevva òg er semje om at alle avleidde namn bør skrivast Lunda- med a-fuge.

71272	1			Gard 49	<u>Vurdering:</u> Namnet Lunde kjem av ordet lund m. 'skogholt', og skrivemåten av hovudlekken må fylgja gjeldande rettskriving, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Skrivemåten Lunde er uomstridd, har lang skrifttradisjon, og er i samsvar med normeringspraksisen for andre namn i regionen som inneheld ordet lund. Skrivemåten Lunde er soleis uproblematisk. Lunde vert fastsett som skrivemåte i samsvar med gjeldande rettskriving og innarbeidd skrifttradisjon, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Namnet får skrivemåten Lunda- i samansetningar, jf. den lokale uttalen /lõnda-/ og pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."
	2	Lunde	Lunde	Bruk 49/1	Jf. løpenr. 1
	3	Lunde	Lunde	Bruk 49/2	Jf. løpenr. 1
	4	Lunde	Lunde	Bruk 49/3	Jf. løpenr. 1
397041	5	Lundaneset / Lundeneset	Lundaneset	Nes i sjø	Jf. løpenr. 1 <u>Uttale:</u> /lõnda'nE:se/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Lundaneset.
639062	6	Lundehella / Lundahella	Lundahella	Nes i sjø	Jf. løpenr. 1 <u>Uttale:</u> /lõnda'hELa/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Lundahella.
286025	7	Lundestranda / Lundastranda	Lundastranda	Strand i sjø	Jf. løpenr. 1 <u>Uttale:</u> Per Lunde opplyser at uttalen er Lõndastranda. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Lundastranda.
677256	8	Lundesætra / Lundesetra / Lundasætra	Lundasætra	Seter/støl	Jf. løpenr. 1 <u>Uttale:</u> /lõnda'sæ:tra/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /lõ`ndasæ:´tra/, jf. heradsregisteret. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Lundasætra.
579045	9	Lundhammaren	Lundahammaren	Berg	Jf. løpenr. 1 <u>Uttale:</u> /lõnda'hamaren/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Lundahammaren.

1072627	10	Lundanibba / Lundenibba	Lundanibba	Topp	Ved gard 40/41 Lunde <u>Uttale:</u> /lønda'neba/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Skrifttradisjon:</u> Lofj. er brukt om dette fjellet i amtskart frå 1880, 1921, 1932, 1939 og 1954. I kartserien Norge 1:50 000 er Staurinibba nytta om toppen av fjellet i utg. frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009, medan Lofjellet er nytta om eit fjellparti på sørsida av Staurinibba. Lundanibba står i Fylkesarkivet si namnesamling, men der plassert nede i Lundadalen. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Lundanibba er ok. Dei meiner at namnet skal stå der Staurnibba hittil har stått i kartet, og at Staurinibba er feil. Eli-Katrin Kirkeeide skriv at fjelltoppen, som ho ser kvar dag, heitte Lundanibba då ho voks opp, men at det no står Staurinibba på kartet. Ho ser ikkje nokon grunn til at toppen ikkje framleis skal heita Lundanibba. Sigbjørn Kirkeeide meiner òg at Staurinibba er feil namn, og at Lundanibba bør stå der Staurinibba hittil har stått på kartet. Han meiner Staurinibba er ulogisk, sidan elva Eikjola og elvedalen som skil Lunde og Stauri ligg aust for toppen, slik at toppen høyrer til garden Lunde. Håkon Loen meiner òg at Staurinibba er feil namn, for i Lodalen har dei alltid kalla fjellet for Lofjellet. Om det skulle ha eit anna namn, meiner han at det måtte ha noko med Lunde å gjera, sidan det grensar mot Lundadalen i nord, medan utmarka til Stauri ligg lenger vest. Lofjellet høyrer til gnr. 70 Loen med 14 bruk. Han har òg snakka med Kolbein Flo Lunde frå Lunde, som sa at han hadde vore "bakpå Lofjellet" då han hadde jakta der. Håkon Loen har lagt ved eit kart med innringing av Lofjellet, der mesteparten av arealet dekkjer Loen-sida, men høgste toppen òg er innanfor det markerte området.
---------	----	----------------------------	-------------------	------	---

1072627	10			Topp	<u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Lundanibba. <u>Vurdering:</u> Lundanibba står nede i Lundadalen (ca. 800 moh.) i Fylkesarkivet si namnesamling, men det kan ha samanheng med at innsamlingskarta som i si tid vart nytta, ikkje gjekk høgre. Både kommunen, Sigbjørn Kirkeeide og Eli-Katrin Kirkeeide ser ut til å vera samde om at staden der Staurinibba har stått, er Lundanibba rett namn, men Håkon Loen opplyser altso Lofjellet, og etter det han skriv, har Lofjellet òg vorte nytta av iallfall somme frå Lunde, jf. Kolbein Flo Lunde sin bruk av same namnet, og det stadfester bruken av Lofj. i dei gamle amtskarta. I Nordfjord fraa gamle dagar til no (1932) står det at at "Austani Aareimsfjellet stig Staurinibba som ei veldig saate i høgdi", og det er nærliggjande å tolka det som ei tilvising til same fjell. Boka Bergtatt Stryn (2004) omtalar Staurinibba som "1379 moh.", noko som òg må tolkast som same fjellet. Kartverket har vore i kontakt med Rune Holen, og han meiner at Staurinibba er eit godt kjent namn på Loen- og Olden-sida, og eit namn som dei fleste i Stryn vil kjenna til. Han trur heller det kan vera framspringet som er synleg frå Strynedalen som er kalla Lundanibba. Ivar Kyrkjeeide stadfester pr. telefon at det er nibba som er synleg frå Kyrkjeeide som er heiter Lundanibba, og han kjenner ikkje til namnebruken på fjellpartiet bak det. Etter det Kartverket kan sjå, er det framspringet ca. 500 m i luftlinje nord-nordvest for høgste toppen som er synleg frå Kyrkjeeide, og ikkje høgste toppen.
---------	----	--	--	------	---

1072627	10			Topp	<u>Framh. vurdering:</u> Det ser ut til at Staurinibba er lite brukt som namn i Strynedalen, men namnet er iallfall dels brukt i bygdene på sørsida, og Staurinibba har i tillegg ein skriftleg tradisjon, både i kart og lokallitteraturen, og då brukt meir eller mindre om den same staden som Lofjellet eller Lundanibba. Lofjellet har vore brukt i kart i lang tid, men truleg helst om fjellsida på Loen-sida frå toppen og eit stykke nedover. Det verkar mest rett å vidareføra Lofjellet der det står i dag på Loen-sida, med namnetype 'fjell', medan høgste toppen beheld Staurinibba som namn i samsvar med innarbeidd bruk. Det er framspringet på nordsida av Staurinibba (ca. 1284 moh.) som i hovudsak er synleg frå Kyrkjeeide og elles i Strynedalen, og det må venteleg vera det som er kjent som Lundanibba lokalt. Det at Staurinibba er lite brukt i Strynedalen kan koma av at høgste toppen er lite synleg derifrå, slik at Lundanibba vert brukt som referansepunkt i staden. Lundanibba vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 i lov om stadnamn, og posisjonen vert flytt til det nordlege frampringet av Staurinibba. (Staurinibba og Lofjellet vert vidareførde uhandsama som namn på kvar sine separate namneobjekt som beheld same posisjon som i dag, men Staurinibba får namneobjekttypen endra frå 'fjell' til 'topp'.)
617307	11	Lundesætra / Lundasætra	Lundasætra	Seter/støl	Jf. løpenr. 10 Ved gard 40/41 Lunde (Lunde er vedteke tidlegare som namnegardsnamn) <u>Uttale:</u> /lø`ndasę:´tra/, jf. heradsregisteret. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Lundasætra.
131268	12	Lundedalen / Lundadalen	Lundadalen	Dal	Jf. løpenr. 10 og 11 Ved gard 40/41 Lunde Tilråding: Språkrådet tilrår skrivemåten Lundadalen.

920238	13	Loskaret	Lundaskaret (undernamn)	Skar	Jf. løpenr. 10 og 11 Ved gard 40/41 Lunde. Anna namn på Loskaret. <u>Uttale:</u> /lõ`ndaska:´rə/, jf. heradsregisteret. Håkon Loen opplyser Løndaskaret som lokal Loen-uttale i eit brev til Kartverket dagsett 16.12.2019, og skriv at stryningane kallar det Loskaret. <u>Vurdering:</u> Loskaret er vedteke som skrivemåte frå før. Sidan dette namnet er innarbeidt i kartbruk, verkar det naturleg å vidareføra det som hovudnamn. Lundaskaret vert fastsett som skrivemåte av undernamnet til Loskaret, jf. § 4 i lov om stadnamn.
	14	Lundebrua / Lundabrua	(Kommunen er vedtaksmynde)		Bru på kommunal veg over Stryneelva til gard 40/41 Lunde. Kommunen må gjera vedtak.

860341	15	Kyrkjeide / Kirkeeide	Kyrkjeide	Gard 63	<u>Uttale:</u> /kə`rkæi`də/, jf. heradsregisteret (1946). Sigbjørn Kirkeeide opplyser at namnet på garden har forma /Kjerkjeide/ som lokal, munnleg uttale i daglegtalen. <u>Skrifttradisjon:</u> Kirkeide i 1886- og 1907-matrikkelen, Kirkeide og Kirkeeide i 1950-matrikkelen, Kirkeeide i gjeldande matrikkel, Kyrkjeide i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009, Kyrkje-Eide og Kyrkjeide i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no frå 1932 og frå 1973, Kyrkjeide i økonomisk kartverk frå 1967. <u>Høyringssvar:</u> Hans S. Kirkeeide, tidl. grunneigar på bruk 63/6, skriv at skrivemåten Kirkeeide vart brukt i utskiftinga frå 1876-1880, og at det òg har vore brukt som familienamn seinare. Det har vore forskjellige skrivemåtar gjennom tidene, men Kirkeeide var vanleg fram til 1929, då namnet òg fekk skrivemåten Kyrkjeide etter nynorsk rettskriving. Ingen av namneformene samsvarar med munnleg uttale. Han legg til at på hovudbruka er det to som nyttar skrivemåten Kyrkjeide og fem som nyttar Kirkeeide. Han ynskjer at skrivemåten skal vera Kirkeeide. Eli-Katrin Kirkeeide, grunneigar på bruk 63/8, ynskjer òg skrivemåten Kirkeeide. Ho meiner Kirkeeide er det gamle namnet på garden, og viser til at fleirtalet av familiane på garden brukar Kirkeeide som slektsnamn, og at Kyrkjeide vert framandt. Ho meiner at det ikkje er eit argument for Kyrkjeide at Nedstryn kyrkje ligg på garden, for nynorskordet kyrkje til gudshuset er sjølvstøtt i eit nynorsktalande område, men gardsnamnet er noko anna. Når det gjeld setra meiner ho likevel at den framleis kan ha skrivemåten Kyrkjeidssetra, jf. grunneigaruttalen Kjerkjeidssetra. Men -setra bør ha e, som ho meiner er skrivemåten på Vestlandet.
--------	----	-----------------------	-----------	---------	---

860341	15			Gard 63	<u>Framh. høyringssvar:</u> Ho er òg open for at Seljesetskaret kan heita Kyrkjeidsskaret, for det er meir rettvise. I desse samanhengane i fjellet meiner ho at Kyrkjeide- står til fjelltoppen som ruvar over dei, nemleg Kyrkjenibba. I eit felles høyringssvar frå 25.02.2017 frå fleire innbyggjarar på garden til kommunen i adressenamnsaka står det at ingen på garden har kjennskap til vedtaket om Kyrkjeide som vart gjort i 1998, og at dei ynskjer ny namnesak for gardsnamnet. Dei viser til at skrivemåten er Kirkeeide frå gammalt av, til bygdeboka, eit par kart og til at fleirtalet av familiane på garden har Kirkeeide som slektsnamn. Ivar Kyrkjeide, tidl. eigar av bruk 63/10, skriv at Kyrkjeide vart teke i bruk som skrivemåte då nynorsk vart målform på skulane i Stryn, og seinare då Stryn vart nynorskkommune. Han peikar på at det heiter t.d. Nedstryn kyrkje og Oppstryn kyrkje, og at Nedstryn kyrkje ligg på Kyrkjeide. Han ser ikkje det at nokre familiar har valt bokmålsforma Kirkeeide som familienamn som grunn til å gå attende til den målforma som grunnlag for offentleg bruk. Han oppmodar difor om at skrivemåten vert Kyrkjeide, og han meiner det er sjølvstendig i ein kommune der skulane har nynorsk som hovudmål. Sigbjørn Kirkeeide, grunneigar på bruk 63/5, skriv at grunnen til at Kirkeeide har vore brukt bakover i tid, er at skriftspråket frå gammalt var nær dansk. Men dialekten i Stryn er nærmare nynorsk, og uttalen lokalt for gardsnamnet er Kjerkjeide. I tilknytning til garden nemner han òg Kyrkjeidssætra og Kyrkjenibba, som er ålment kjent og nytta. Han meiner at det er naturleg at namnet på veg til kyrkja vert Kyrkjeide, og han ser på det som uvedkomande for saka kva som vert brukt som slektsnamn på dei ulike bruka.
--------	----	--	--	---------	--

860341	15			Gard 63	<u>Framh. høyringssvar:</u> Lars A. Kirkeeide, grunneigar på bruk 63/4, skriv at bruket hans har vore kalla Kirkeeide sidan utskiftinga i 1880, og at gardsnamnet er det han framleis brukar som etternamn. Han meiner at uttalen av namnet liknar mest på Kirkeeide, og han ynskjer at den skrivemåten vert vidareført. I eit tilleggsinnspel etter at Språkrådet gav tilråding om Kyrkjeide, skriv Hans S. Kirkeeide at i brevet frå 25.02.2017 med ynske om Kirkeeide var underskrive av 9 av 11 husstandar på garden, og at det difor er eit massivt fleirtalsynske, medan berre 2 husstandar nyttar Kyrkjeide. <u>Tilråding:</u> Språkrådet syner til den lokale munnlege uttalen /Kjerkjeide/, som Sigbjørn Kirkeeide oppgjev, og skriv at appellativet som ligg til grunn for førelekken, vert uttalt med j-lyd i andre stavinga. Dette høver med den forma ordet kyrkje har i den offisielle nynorskrettskrivinga, og dei tilrår difor skrivemåten Kyrkjeide. <u>Vurdering:</u> Det kunne i samband med oppstarten av denne namnesaka sjå ut som det ikkje var gjort vedtak om Kyrkjeide i 1998/1999, men Kartverket har seinare funne vedtakspapira frå den gongen, som syner at Kyrkjeide vart vedteke 12.10.1999. I vurderinga frå den gongen står det fylgjande: "Det er uheldig å vedta skrivemåten Kirke- her så lenge kyrkjenamna i kommunen blir skrivne med den nynorske forma. (Ein må skilje skarpt mellom skrivemåten til bruksnamn (gardsnamn) og måten tilhøyrande slektsnamn blir skrivne på.) Skrivemåten er i tråd med den nedarva lokale uttalen (NG XII: 521) (Sjå par. 4 i stadnamnlova.)"
--------	----	--	--	---------	---

860341	15			Gard 63	<u>Framh. vurdering:</u> § 4 fyrste ledd i stadnamnlova fastset at "det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn [skal] takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk". I § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn står det at ålment kjende ord og namneledd skal fylgja gjeldande rettskriving i norsk. I § 3 fyrste ledd i forskrifta står det fylgjande: "Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen." Som det går fram ovanfor, er den lokale uttalen av namnet /k̥e`rk̥æi`də/ (eller -aidə), der vokalen i førelekken /k̥e`rk̥-/ korkje samsvarar med nynorskforma kyrkje eller bokmålsforma kirke. Når det gjeld konsonantbruken i uttalen, høver den best med nynorskforma kyrkje med -kj-. Føresegna i § 3 fyrste ledd i lova tilseier soleis skrivemåten Kyrkje- av førelekken i namnet. Skrivemåten Kjerkje- ville vore endå meir uttalenær, men den har ikkje skrifttradisjon, bryt med rettskrivinga, jf. § 1, og er heller ikkje ynskt av nokon lokalt. § 4 tredje ledd i lov om stadnamn fastset at skrivemåten av primærnamnet som hovudregel skal vera retningsgjevande for andre avleidde namn. Løysinga som Eli-Katrin Kirkeeide føreslår med å fastsetja Kirkeeide i gardsnamnet, men likevel t.d. Kyrkjeeidssætra i stølsnamnet, er difor ikkje aktuell, for dei ulike namna på staden må sjåast i samanheng. Når kyrkja på staden heiter Nedstryn kyrkje, stølen heiter Kyrkjeeidssætra, og eit fjell nord for garden heiter Kyrkjenibba, tilseier det at gardsnamnet vert skrive på same måte, jf. òg bruken av Kyrkje- og kyrkje i stadnamn elles i Sogn og Fjordane.
--------	----	--	--	---------	---

860341	15			Gard 63	<u>Framh. vurdering:</u> Skrivemåten av det tilhøyrande slektsnamnet skal derimot ikkje ha innverknad på skrivemåten av stadnamn, slik Kartverket peikte på i den fyrste handsaminga av saka. Slektsnamn er regulert av lov om personnamn, og er rekna som ei privatsak, medan stadnamn er språklege kulturminne med vern i stadnamnlova. Kyrkjeide har vore brukt i kart i dei siste 50 åra og i bygdebøker (dels Kyrkje-Eide med bindestrek) dei siste 90 åra, og denne skrivemåten må soleis òg reknast som godt innarbeidd. Lokalt finst det støtte for både syn. Det har ikkje vesentleg betydning om det er overvekt av dei som ynskjer Kirkeeide mellom grunneigarane, for namnesaker er ikkje avrøystingar, sjølv om lokale standpunkt skal spela inn i vurderinga. Skrivemåten Kyrkjeide føyer seg best inn i det namneverket som finst elles i Stryn, har ein innarbeidd skrifttradisjon i offentleg bruk og har sterkast grunnlag i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Kyrkjeide vert fastsett i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd og § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Namnet får skrivemåten Kyrkjeids- i samansetningar, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."
	16	Kirke Eide	Kyrkjeide	Bruk 63/1	Jf. løpenr. 15
	17	Kirkeeide	Kyrkjeide	Bruk 63/4	Jf. løpenr. 15
	18	Kirkeeide	Kyrkjeide	Bruk 63/5	Jf. løpenr. 15
	19	Kirkeeide	Kyrkjeide	Bruk 63/6	Jf. løpenr. 15
	20	Kirkeeide	Kyrkjeide	Bruk 63/8	Jf. løpenr. 15
	21	Kirkeeide	Kyrkjeide	Bruk 63/9	Jf. løpenr. 15
	22	Kirkeeide	Kyrkjeide	Bruk 63/10	Jf. løpenr. 15
	23	Kirkeeidsbakken / Kyrkjeidsbakken	Kyrkjeidsbakken	Bruk 63/25	Jf. løpenr. 15 <u>Uttale:</u> /kɛ`rkɛssbá`kɕen/, i dativ /kɛ`rkɛssbá`kɕa/, jf. heradsregisteret (1946). <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kyrkjeidsbakken.

70168	24	Kyrkjeidsskaret	Kyrkjeidsskaret (undernamn)	Skar	Jf. løpenr. 15 Ligg òg i Volda kommune. Anna namn på Seljesetskaret. <u>Skrifttradisjon:</u> I boka Opptur Sogn og Fjordane (2005) står det på s. 532: "Seljesetskaret (1015 moh.) eller Kyrkjeidsskaret som det også vert kalla". Høyringsvar: I eit høyringsvar frå Volda kommune står det fylgjande: "Seljesetskaret er strynene sitt namn på skaret, honndølene kallar det Kyrkjeidsskaret (går mot Kyrkjenibba og Kyrkjeide)." <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår tilrår skrivemåten Kyrkjeidsskaret, og at namnet vert sett som undernamn til Seljesetskaret. <u>Vurdering:</u> Namnet Kyrkjeidsskaret vert stadfest av to høyringsvar og i den nemnde Opptur-boka, og namnetradisjonen er dermed tilstrekkeleg dokumentert. Sidan Seljesetskaret alt er innarbeidd gjennom kartbruk, er det rimeleg at Seljesetskaret vert ståande som hovudnamn. Sidan namnet inneheld namnelekkjen -eid-, må det vera avleitt av namnet Kyrkjeide, og ikkje av fjellnamnet Kyrkjenibba. Kyrkjeidsskaret vert fastsett som skrivemåte av undernamnet til Seljesetskaret, jf. § 4 i lov om stadnamn.
313307	25	Kyrkjeidssætra / Kyrkjeidesætra	Kyrkjeidssætra	Seter/støl	Jf. løpenr. 15 <u>Uttale:</u> /kérkəsə:ˈtra/, jf. heradsregisteret (1946), /KerKai:dˈsæ:tra/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Eli-Katrin Kirkeeide opplyser uttalen Kjerkeidssetra. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kyrkjeidssætra.
738212	26	-	Kyrkjeidsfjellet (undernamn)		Jf. løpenr. 15 Undernamn til Høgefjellet. <u>Uttale:</u> /kérkəssfjellə/, jf. heradsregisteret, der det er presisert at namnet Høgefjellet vert nytta på Kyrkjeide.

1083092	27	-	Kyrkjeidsdalen	Dal	Jf. løpenr. 15 <u>Uttale:</u> /kjér`kjai(d)sda:l'n/, jf. Arvid Gjørven, som opplyser at det er eit vanleg brukt namn om heile dalen ovom Ytreeide. <u>Skrifttradisjon:</u> Namnet er brukt i Årsskift for Stryn historielag for 1997, s. 16. <u>Vurdering:</u> Kyrkjeidsdalen er ein stor naturformasjon, og det må vera ei forgløyming at namnet ikkje har vore teke inn i kart tidlegare. Kyrkjeidsdalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.
---------	----	---	----------------	-----	---

920194	28	Fagerdalen / Fagredalen / Kyrkjeids- fagredalen	Fagredalen (hovudnamn) / Kyrkjeids- fagredalen (undernamn)	Dal	<u>Uttale:</u> /fa:gre'da:len/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Høyringsvar:</u> Eli-Katrin Kirkeeide skriv at beitedalen til garden Kirkeeide heiter best Fagredalen, og at Fagredalsnibba òg er eit namn ho kjenner derifrå. Sigbjørn Kirkeeide skriv at Fagredalen går i sørvestleg retning frå foten av Kyrkjenibba mot dalen som leier ut i Ytreidselva, og han meiner Fagredalen er rett etter historisk bruk, ikkje Fagerdalen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fagredalen, og syner til det Eli-Katrin Kirkeeide og Sigbjørn Kirkeeide skriv i høyringssvara sine. <u>Vurdering:</u> Fagredalen må i utgangspunktet reknast som "gårdens navn", dvs. den namneforma folk på garden nyttar, medan Kyrkjeidsfagredalen, som André Gjørven har føreslege, kan reknast som "bygdens navn", dvs. den namneforma ein større namnekrins brukar, jf. Gjørvafagredalen nærmare gnr. 64 Gjørven. Men sidan namnet allereie er innarbeidd i offentleg bruk utan Kyrkjeids- som førelekk, og den usamansette forma Fagredalen er ynskt lokalt, er det rimeleg at den likevel vert vidareført som hovudnamn, medan Kyrkjeidsfagredalen kan setjast som undernamn. Skrivemåten må vera Fagre- i samsvar med uttalen og lokale ynske. Fagredalen vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet og Kyrkjeidsfagredalen vert fastsett som undernamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.
983686	29	Fagredalsnibba	Fagredalsnibba	Topp	Jf. løpenr. 28 <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fagredalsnibba.

983682	30	Gjørvafagredalen	Gjørvafagredalen	Dal	Jf. løpenr. 28 <u>Uttale:</u> /fa:gre'da:len/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gjørvafagredalen, og dei peikar på at denne dalen er ein god del mindre enn den dalen på gnr. 63, som er kalla Fagredalen. <u>Vurdering:</u> Til liks med Kyrkjeidsfagredalen er "gårdens navn" på staden berre Fagredalen utan gardsnamnet som førelekk, i dette tilfellet gardsnamnet Gjørven. Men Andre Gjørven har føreslege Gjørvafagredalen, noko som syner at Gjørvafagredalen òg er i bruk. Som Språkrådet peikar på ovanfor, er Fagredalen ovom Kyrkjeide ein større naturlokalitet like i nærleiken, og det kunne difor verka forvirrande om kortforma vart fastsett her òg. Gjørvafagredalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.

920252	31	Årholen	Holen (hovudnamn) / Årholen (undernamn)	Gard 120	<u>Uttale:</u> /hó'linn/, i dativ /-la/, jf. bokverket Norske Gaardnavne av Oluf Rygh. Fylkesarkivet si namnesamling har /'ho:len/ med mrk. "Namn på garden brukt i dag" og /å:r'ho:len/ med merknaden "Namn brukt før i dokument. Slutt i begynnelsen på 1900-talet." <u>Skrifttradisjon:</u> Aarholen (garden) og Holen (bruket) i 1886- og 1907-matrikkelen, Aarholen (både garden og bruket) i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Årholen i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009, Aarholen i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no frå 1932, men Årholen i utgåva frå 1973 og i økonomisk kartverk frå 1967. Av eldre kjelder nemner Norske Gaardnavne Hollenn (1603), Aarholen (1608), Aarhoellen (1667) og Aarholen (1723). Det står at namnet kjem av gamalnorsk hóll m. 'isolert, rundvoren høgd', medan førelekken helst kjem av trenamnet or/older sidan det ikkje er noka å (elv) ved garden. <u>Høyringssvar:</u> Reidar Holen, grunneigar på bruk 120/1, skriv at Holen dei siste tri generasjonane har vore nytta som gardsnamn og som etternamn på dei som bur på garden. Han har fått opplyst av far sin at bestefaren endra gardsnamnet frå Årholen til Holen tidleg på 1900-talet, og at Holen har vore nytta seinare. Han tykkjer difor det ville verka rart om ein ikkje endrar namnet til Holen i offentleg samanheng når det er det som vert nytta i dag. I namn avleidde av gardsnamnet ynskjer han skrivemåtane Holehøgesætra og Holevika. Han har elles lagt ved ei namneliste og kart med innspel til andre namn i nærområdet til garden enn dei som er med i denne saka. På vegner av Reidar Holen skriv Magne G. Holen at dei ikkje ynskjer å ha Årholen som adressetilleggsnamn om dei ikkje får gjennom ønsket om Holen.
--------	----	---------	--	----------	--

920252	31	Holen		Gard 120	<u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Holen. Dei syner til Fylkesarkivet si namnesamling, der det står at Holen er det namnet som blir brukt i dag, og at forma Årholen er nytta før «i dokument». Vidare peikar dei på at dei aktuelle avleiingsnamna som finst på nettsida, er registrerte med førelekken /ho:le-/, ikkje /å:rho:l(e)-/, og at /hó'liŋ/ er oppgjeve som uttaleform i Norske Gaardnavne. <u>Vurdering:</u> Uttalen i dag gjev dekning for å fastsetja Holen utan År- som namneform, og det ser ut til at denne uttalen går langt attende i tid, iallfall til Oluf Rygh si tid, men kanskje mykje lenger. Men Årholen har vore nytta i skrift heilt fram til i dag både i matriklar, kart og bygdebøker, og det verkar difor litt drastisk å stryka namnet heilt frå offentleg bruk. § 1 i stadnamnlova fastset at føremålet med lova er "å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna." Dette føremålet gjeld òg til ei viss grad for namn med ein skriftleg tradisjon, og ikkje berre namn med ein munnleg tradisjon. Det verkar soleis mest tilrådeleg å fastsetja namneforma Holen som hovudnamn i samsvar med uttalen og lokale ynske, men å vidareføra Årholen som vedteke undernamn i samsvar med § 1 i lova, slik at den namneforma òg kan brukast vidare i offentleg bruk der det er naturleg. Holen vert fastsett som hovudnamn, jf. § 4 i lov om stadnamn. Årholen vert fastsett som undernamn, jf. § 1.
	32	Årholen	Holen (hovudnamn) / Årholen (undernamn)	Bruk 120/1	Jf. løpenr. 31
943473	33	Holefossen	Holefossen	Foss	Jf. løpenr. 31 <u>Uttale:</u> /ho:le'fOsen/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Holefossen.

458548	34	Holneset	Holneset (hovudnamn) / Nobba (undernamn)	Nes i sjø	Jf. løpenr. 31 <u>Uttale:</u> /ho:lønè:sə/ vert opplyst av Erling Frøholm pr. telefon med Kartverket. Han kjenner ikkje noko anna namn på neset. I ei namneliste fører Reidar Holen opp Nobba som "Lokalt namn i staden for Holneset". Nobba er ført opp med uttalen /'nOba/ i Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår at Nobba vert registrert som namn på det største neset på garden, og meiner at det bør takast inn i staden for namnet Holneset, som er ført opp på denne staden i dag. <u>Vurdering:</u> Reidar Holen har nok rett i at Nobba er det heilt lokale namnet på staden, jf. dokumentasjonen av namnet i Fylkesarkivet, men Holneset har òg ein lokal tradisjon i bygda. Her kan nok Nobba reknast som "gårdens navn" på staden, medan Holneset er "bygdens navn". Namna i Kartverket sine kart er fyrst og fremst berekna på bruk av ein større namnekrins, og "bygdens navn" er ofte meir eintydige og meir kjende enn "gårdens navn". I denne saka verkar det mest tilrådeleg å vidare føra Holneset som hovudnamn, men i tråd med Språkrådet si tilråding kan Nobba fastsetjast som undernamn. Namnet Holneset har e-fuge, og då bør skrivemåten òg vera med e, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Holneset vert fastsett som hovudnamn, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane. Nobba vert fastsett som undernamn med ein skrivemåte i samsvar med Språkrådet si tilråding.
458383	35	Holeskaret	Holeskaret	Skar	Jf. løpenr. 31 <u>Uttale:</u> /ho:le'ska:re/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, som har merknaden "Skar ned til Holestølen". <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Holeskaret.
983196	36	Holetunnelen	(Fylkeskommunen er vedtaksmynde)	Tunnel	Tunnel på fylkeskommunal veg. Fylkeskommunen må gjera vedtak.

463892	37	Holvika / Holevika	Holevika	Vik i sjø	Jf. løpenr. 31 <u>Uttale:</u> Erling Frøholm oppgjev uttalen /holəvi:ˈkə/ pr. telefon med Kartverket. Høyringsvar: Reidar Holen fører Holevika opp i ei namneliste, og skriv at namneforma i kart (Holvika) er feil. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Holevika. <u>Vurdering:</u> Namnet Holevika har e-fuge, og då bør skrivemåten òg vera med e, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Holevika vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.
--------	----	--------------------	-----------------	-----------	--

373352	38	Holestølen / Holhøgesætra / Holhøgsætra / Høgesætra	Holhøgesætra (hovudnamn) / Høgesætra (undernamn) / Holestøylen (undernamn)	Seter/støl	Jf. løpenr. 31 <u>Uttale:</u> /ho:ˈlhø:ˈgæstæiˈlən/, "vanl.": /hø:ˈgæstæiˈlən/, /-a/ el. /hø:ˈgæse:ˈtra/ i heradsregisteret (1947), /hø:geˈsæ:tra/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Høyringssvar:</u> Reidar Holen skriv at det er feil namn på kart, og at det rette er Holehøgesætra, men det er litt uklart kva han meiner er feil. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Holehøgesætra. Dei tilrår at Nedstesætra vert teke inn som namn på stølen som i dag er registrert med namneforma Holestølen. <u>Vurdering:</u> I motsetnad til dei andre namna avleidde av gardsnamnet Holen (gnr. 120), er ikkje uttalen her eller på Holnedstesætra med fuge-e. Vanlegvis er samansetningsmåten lik i alle namn som har same førelekk (dels utanom når neste namnelekk byrjar på vokal), men i akkurat desse namna kan det vera rytmiske årsaker til at e-fuga i Hol(e)- fell bort. Namnetradisjonen ser elles ut til å vera temmeleg varierende, jf. neste namn. Kartverket vel å vidareføra "bygdens navn" med Hol- som hovudnamn, både sidan det gjev ein meir eintydig namnebruk, og sidan det er best i samsvar med mønsteret i stølsnamn i offentleg bruk elles i Stryn, jf. t.d. Vikasætra, Vikanedsætra, Bøasætra og Bøanedsætra lenger nede i denne namnelista. Bruk av "gårdens navn" ville ha ført til mange "Sætra" og "Nedsætra", noko som ville vanskeleggjera navigering etter desse namna. Holhøgesætra vert fastsett som hovudnamn, medan Høgesætra og Holestøylen vert fastsette som undernamn, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.
--------	----	--	---	------------	---

1083020	39	-	Holnedstesætra (hovudnamn) / Nedstesætra (undernamn)	Gamal busetjings- plass	Jf. løpenr. 31 og 38 <u>Uttale:</u> /ho:ˈlgaˈmləstæiˈlən/, dativ /-a/, /ho:ˈlnɛ:ˈstəstæiˈlən/ og /ho:ˈlnɛ:ˈstəsɛ:tra/, dativ /-ənə/, jf. heradsregisteret. Pr. telefon med Kartverket opplyser Erling Frøholm òg at han kjenner ein varierende namnebruk her, han har høyrte /ne:sˈtesæ:tra/, /ho:lˈne:stesæ:tra/, /gamˈlesæ:tra/, /ho:lˈstøylˈn/ og /ho:lˈsæ:tra/. <u>Høyringssvar:</u> Reidar Holen skriv i eit høyringssvar at Nestesætra er eit lokalt namn, og han har merkt det av på kartet på denne staden. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår at Nedstesætra vert teke inn som namn på den stølen som i dag er registrert med namneforma Holestølen, jf. førre. <u>Vurdering:</u> Det er eit stort mangfald av ulike namn som har vore brukt her, men det er ikkje føremålstenleg å ta inn alt i offentleg bruk. Holnedstesætra peikar seg ut som det beste motsvaret til Holhøgesætra, medan Nedstesætra ligg nær høyringsinnspelet frå Reidar Holen, og den namneforma vert òg stadfest av Erling Frøholm. Holestølen har stått som namn på Holhøgesætra i kart, og ikkje på denne staden, som ikkje har hatt noko namn fram til no i Kartverket sine kart. Holnedstesætra vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet og Nedstesætra vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.

253089	40	Valåker / Valaker	Valåker	Gard 159	<u>Uttale:</u> /valå:ke/ med trykk på andre staving, jf. bokverket Norske Gaardnavne, /va'lå:ke/ i Fylkesarkivet si namnesamling. I bygdebøkene frå 1932 og 1974 står det at bygdeuttalen er Valåke. <u>Skrifttradisjon:</u> Valaaker i 1886- og 1907-matrikkelen, Valaker i 1950-matrikkelen, Walaker, Valaker og Valaaker i gjeldande matrikkel, Valåker i Norge 1:50 000 frå 1974, 1995 og 2009, Valaker i økonomisk kartverk frå 1967, Valaaker i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no frå 1932, men Valaker i utgåva frå 1973. <u>Høyringsvar:</u> Aslaug Valaker, grunneigar på bruk 159/3, skriv at ho vil ha skrivemåten Valaker. Om retningsorda øvre/nedre kjem føre eller etter namnet Valaker, har ikkje betydning for henne. Rolf Erlend Hilde, grunneigar på bruk 159/4, skriv at Valaker er rett skrivemåte etter vurderingane i bygdeboka Nordfjord frå gamle dagar til no av Jacob Aaland, og at berre éin av ni skrivemåtar som er nemnde der, er med å. Vidare viser han til at etternamnet er skrive Valaker med a, at daglegtalet tilseier skrivemåten Valaker, og at Valaker er brukt i namn på organisasjonar og i lokal skilting i bygda. På same grunnlag ynskjer han skrivemåten Valakerstøylen for det avleidde stølsnamnet. Kirsten og Kjell Tisthamar, grunneigarar på bruk 159/5, skriv at namnet på eigedomen deira alltid har vore Valaker nedre, og dei viser til det fyrste skøytet på eigedomen, som dei har lagt ved kopi av. Anders O. Valaker ynskjer òg skrivemåten Valaker, og han meiner at alle som kjem frå garden nyttar Valaker som skrivemåte og uttale. Han ynskjer difor at Valaker og Valakerstøylen vert fastsette som skrivemåtar. I eit felles brev til kommunen i adressesaka har fleire oppsitjarar på gnr. 159 skrive at dei ynskjer Øvre Valaker, Nedre Valaker og Valakerstøylen fastsette som adressenamn.
--------	----	-------------------	---------	----------	--

253089	40			Gard 159	<u>Tilråding:</u> Språkrådet opplyser at namnet på nettsida Fylkesatlas er ført opp med Valåker som oppslagsform, og den munnlege forma som er registrert der, er /va:’lå:ke/. Det samsvarar med det at det i Norske Gaardnavne er skrive «Valaaker», jf. uttalen /valåke/ som er oppført der. I Fylkesarkivet si namnesamling er òg Valåkerstøylen /va:’lå:ke,stailen/ registrert som ei avleidd namneform. Dei skriv at det ikkje kan vera tvil om at det er ordet åker (m.) som ligg til grunn for etterlekkjen i gardsnamnet, og dei konkluderer med å tilrå Valåker som skrivemåte. <u>Vurdering:</u> I den originale utgåva av bygdeboka av Jacob Aaland frå 1932 er skrivemåten Valaaker nytta, medan den nye utgåva av Aalandsboka frå 1974 "utgjeve av ei nemnd" er språkleg revidert, og der er Valaaker endra til Valaker. I båe utgåvene står det at namnet er samansett av gamalnorsk valr 'rund' og akir 'åker', men det siste er ikkje heilt presist. Ordet åker i moderne norsk har formene akr og ákr i gamalnorsk, og det er forma ákr som har utvikla seg til åker i norsk, der å er regelrett utvikling av lang, gamalnorsk á. Ordet åker har forma ager i dansk, og skrivemåtane med ager/aker har bakgrunn i at dei fleste norske stadnamn vart normerte etter dansk då skriftspråket elles var dansk.
--------	----	--	--	----------	--

253089	40			Gard 159	<u>Framh. vurdering:</u> Normeringa av stadnamn skal ta utgangpunkt i den nedervde, lokale uttalen, og skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Ålment kjende ord og namneledd skal fylgja gjeldande rettskriving i norsk. Ordet åker m. har skrivemåten med å som einaste rettskrivingsform i norsk, noko som tilseier Valåker. Den nedervde, lokale uttalen er /va:'lå:ke/. § 3 i forskrift om stadnamn fastset fylgjande: "Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen." Dette tilseier òg skrivemåten Valåker sidan uttalen er med /å:/. Alle som har uttalt seg lokalt vil likevel ha Valaker som skrivemåte, og det må difor vurderast om unntaksføresegna i § 4 andre ledd kan nyttast i denne saka. Både Valåker (-aa-) og Valaker har ein del skrifttradisjon i offentleg bruk i kart og matriklar, og det er soleis ikkje nokon klart dominerande skrivemåte i desse kjeldene. Ingen av skrivemåtane skyggjer i serleg grad for meiningsinnhaldet av ettelekken. Skrivemåten Valaker kan føra til at den nedervde uttalen endrar seg, medan det i mindre grad er ein risiko med skrivemåten Valåker. Vilkåra er ikkje i tilstrekkeleg grad til stades for å nytta unntaksregelen i lova, og då er det hovudregelen om å fylgja gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp som gjer seg gjeldande. Valåker vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.
	41	Walaker	Valåker	Bruk 159/1	Jf. løpenr. 40
	42	Valaker	Valåker	Bruk 159/2	Jf. løpenr. 40
	43	Valaker	Valåker	Bruk 159/3	Jf. løpenr. 40
	44	Valaker	Valåker	Bruk 159/4	Jf. løpenr. 40
	45	Nedre Valåker	Nedre Valåker	Bruk 159/5	Jf. løpenr. 40
	46	Valaker og Bruland hyttefelt	Valåker og Bruland hyttefelt	Bruk 159/23	Jf. løpenr. 40

616077	47	Valåkerstøylen / Valåkerstølen	Valåkerstøylen	Seter/støl	Jf. løpenr. 40 <u>Uttale:</u> /va'lå:ke,stai:len/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Valåkerstøylen.
276342	48	Valakersvingen	Valåkersvingen	Vegsving	Jf. løpenr. 40
	48a	Valaker	Valåker	Grunnkrins	Jf. løpenr. 40
555410	49	Tindefjellbreen / Tindefjellsbreen	Tindefjellsbreen	Isbre	<u>Uttale:</u> /ti`ndæfjellsbre:´den/, jf. heradsregisteret. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tindefjellsbreen. <u>Vurdering:</u> Uttalen tilseier ein skrivemåte med fuge-s, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Skrivemåten -breen hadde vore eit mogleg val for etterlekkjen ut frå uttalen og gamalnorsk breð-, men Stryn har ein eintydig normeringspraksis for -breen, og det er i samsvar med gjeldande rettskriving i norsk, jf. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Tindefjellsbreen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Namnet har stått to stader i Kartverket sine kart, både nord for Bødalssætra i Lodalen og øvst i Grandalen sør for sørenden av Oppstrynsvatnet. Rune Holen opplyser at namnet lokalt er brukt om breen nord for Bødalssætra, og Ingolf Folven opplyser at breen i Grandalen ikkje har noko lokalt namn. Namnet vert difor fjerna frå Grandalen.

1072141	50	Austre Tindefjellfossen / Austre Tindefjellsfossen	Austre Tindefjellsfossen	Foss	Jf. løpenr. 49 Foss i Grandeelva, som kjem frå Tindefjellsbreen. Saka gjeld både formalisering av namnet og fastsetjing av skrivemåten. <u>Uttale:</u> Nytt namn, har ikkje ein nedervd uttale. <u>Skrifttradisjon:</u> Namnet førekjem i boka Stig ut i naturen (2008), s. 177, og står elles i Wikipedia, medan namnet er ført opp som Østre Tindefjellfossen på nettstaden worldwaterfalldatabase.com. <u>Høyringssvar:</u> Namnekomiteen i kommunen kjenner ikkje til desse namna på denne sida av fjellet. Kartverket har vore i kontakt med Håkon Loen, som er godt kjend i dette området, og han skriv òg at han ikkje kjenner noko namn på desse fossane, men han kjenner Kloppelva som namn på den vestre elva og Grandeelva på den austre elva. Han legg til at det er mange bratte vassfall i området, men det rår ei oppfatning mellom folk lokalt om at det er bratte parti av elvane heller enn fossar, medan tilreisande og fjellvandrarar ser annleis på det. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Austre Tindefjellsfossen.
---------	----	---	-------------------------------------	------	---

1072141	50			Foss	<u>Vurdering:</u> Kartografiseksjonen i Kartverket har bedt om formalisering av dette og neste namn, som førekjem i somme oversyn over norske fossar, slik at dei kan takast inn i kart. Kartverket har vore i kontakt med kommunen for å finna ut om dette og neste namn kjem i konflikt med gamle, nedervde namn, men det ser ikkje ut til å finnast nokon etablert tradisjon lokalt for namn på desse fossane, og formalisering av namna vil dermed ikkje koma i strid med § 1 eller 3 i lov om stadnamn. Uttalen av Tindefjellsbreen ovanfor syner at Tindefjells- med fuge-s vil vera rett samansetningsmåte her òg. Namnet er elles uproblematisk, og Austre som førelekk tener til å skilja fossen frå nabofossen i Kloppelva. Namneforma Austre Tindefjellsfossen byggjer vidare på lokale, nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden, og er soleis i samsvar med § 1 tredje ledd i forskrift om stadnamn. Austre Tindefjellsfossen vert fastsett som skrivemåte av namnet på fossen i Grandeelva i Bødalen, jf. § 1 siste ledd i forskrift om stadnamn.
---------	----	--	--	------	---

1072140	51	Ytste Tindejellfossen / Ytste Tindejellsfossen	Vestre Tindejellsfossen	Foss	Jf. løpenr. 49 Foss i Kloppelva, som kjem frå Tindejellsbreen. Saka gjeld både formalisering av namnet og fastsetjing av skrivemåten. <u>Uttale:</u> Nytt namn, har ikkje ein nedervd uttale. <u>Skrifttradisjon:</u> Namneforma Ytste Tindejellfossen førekjem i boka Stig ut i naturen (2008), s. 177, og står elles i Wikipedia og på nettstaden worldwaterfalldatabase.com. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen kjenner ikkje til desse namna på denne sida av fjellet. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår namneforma Vestre Tindejellsfossen. <u>Vurdering:</u> Mange av vurderingane kring Austre Tindejellsfossen gjer seg òg gjeldande her. Språkrådet har rett i at Vestre eignar seg betre som retningsord enn Ytste i dette fossenamnet når namnet står i motsetnad til Austre Tindejellsfossen. Namneforma Ytste Tindejellfossen ser i liten grad ut til å vera innarbeidd, og då vil det truleg ha få ulemper at namnet vert endra litt frå det som står i dei nemnde kjeldene. Vestre Tindejellsfossen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med Språkrådet si tilråding, jf. § 1 siste ledd i forskrift om stadnamn. Ytste Tindejell(s)fossen vert avslage som namneval.

987022	52	Botnavatna	Botnavatna	Gruppe av vann	Fellesnamn på vatnet i Hellsetebotnen og vatnet i Hogrenningsbotnen. Namnet er opplyst av Rune Holen. <u>Uttale:</u> /bò`tnava:´tnə/, jf. heradsregisteret, der namnet har merknaden "Ligg i botnen av Sætrealden, oppunder breiden. Herifrå kjem Helsetelva."</p> <p>Rune Holen opplyser /bòt`navatna/ som uttale pr. telefon med Kartverket. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Botnavatna er ok. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Botnavatna. <u>Vurdering:</u> Jan Ove Hogrenning, som er grunneigar i området, opplyser at Sætrealden er det same som Hogrenningsbotnen. Namneforma og merknaden i heradsregisteret tyder på at namnet berre vert brukt om vatnet i Hogrenningsbotnen, medan Rune Holen si namneform tyder på at namnet vert brukt om både vatnet i Hogrenningsbotnen og i Hellsetebotnen. Han opplyser at vatna individuelt berre vert kalla "Vatnet i Hellsetebotnen" og "Vatnet i Hogrenningsbotnen". Jan Ove Hogrenning kjenner ikkje nokon andre individuelle namn på vatna etter lokal bruk. Det verkar difor rimeleg å leggja namneforma opplyst av Rune Holen til grunn, som tilseier at namnet vert teke i bruk som kollektivnamn for b��e vatna. Botnavatna vert fastsett som skrivem��te, jf. �� 4 i lov om stadnamn.

677276	53	Bøasætra / Bøsætra	Bøasætra	Seter/støl	<u>Uttale:</u> / bø:a'sæ:tra/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Bøanedsætra. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten seter er i dag eineform i rettskrivinga, men sæter var rettskrivingsform fram til 2012. Det er normeringspraksis for skrivemåten -sætra i Stryn. I pkt. 1 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn står fylgjande: "Ein må tolke lova og forskrifta slik at etablerte stadnamn ikkje skal endre skrivemåte om det ordet som ligg til grunn for eit namn eller eit namneledd, får ny skrivemåte ved ei rettskrivingsendring." Det er difor rom for å vidareføra den innarbeidde praksisen for å normera denne namnelekken som -sætra. Førelekken får a-fuge i samsvar med pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Bøasætra vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 1 og 6 i dei utfyllande reglane.
215461	54	Bø nedre seter / Bøanedsætra / Bøanedsætra	Bøanedsætra	Seter/støl	<u>Uttale:</u> /"bø:a,ne:,sæ:tra/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Skrifttradisjon:</u> <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Bøanedsætra er ok. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Bøanedsætra. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Bø nedre seter verkar litterær, og ser ikkje ut til å ha grunnlag i den nedervde, lokale uttalen. Namneforma Bøanedsætra fylgjer eit kjent mønster i Stryn, jf. t.d. Vikanedsætra, Holhøgesætra og Holnedstesætra. Samansetningsmåten Bøanedsætra er i samsvar med den ein finn i dialektuttalen lokalt, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane. Sjå Bøasætra når det gjeld skrivemåten -sætra. Bøanedsætra vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 1 og 6 i dei utfyllande reglane.

991134	55	Nedsetreryggen / Nedsætreryggen	Nedsætreryggen	Haug	Jf. løpenr. 54 <u>Uttale:</u> /"ne:sæ:tre,ryGen/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Nedsætreryggen er ok. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nedsætreryggen. <u>Vurdering:</u> Nedsætreryggen vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 1 og 6 i dei utfyllande reglane.
94032	56	Vikasetra / Vikasætra	Vikasætra	Seter/støl	<u>Uttale:</u> Har ikkje uttaleopplysningar, men /vi:ka'sæ:tra/ er oppgjeve to andre stader i kommunen, jf. òg neste namn. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Vikasætra er ok. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vikasætra. <u>Vurdering:</u> Namnet får a-fuge i samsvar med pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Skrivemåten -sætra bør nyttast i samsvar med normeringspraksisen elles i Stryn, jf. pkt. 1 i dei utfyllande reglane (sjå Bøasætra). Vikasætra vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 1 og 6 i dei utfyllande reglane.
276506	57	Vikanedsetra / Vikanedsætra	Vikanedsætra	Seter/støl	<u>Uttale:</u> / vi:ka'ne:sæ:tra/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Vikanedsætra er ok. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vikanedsætra. <u>Vurdering:</u> Vikasætra vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 1 og 6 i dei utfyllande reglane.

987016	58	Fosdalskyrkja	Fosdalskyrkja	Topp	<u>Uttale:</u> Nytt namn, har ikkje ein nedervd uttale. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Fosdalskyrkja er ok. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fosdalskyrkja. <u>Vurdering:</u> Dette fjellet har ikkje noko namn frå før, og Rannveig M. Mindresunde føreslo i eit e-brev til Kartverket dgs. 04.07.2018 at fjellet får namnet Fosdalskyrkja. Ho har ei seter i ein dal ved dette fjellet. Rune Holen stadfester at fjellet er namnlaust, og han tykkjer namnet høver. Namnekomiteen i kommunen og Språkrådet er òg positive til namnet, og då ser det ikkje ut til å vera noko i vegen for den føreslegne namngjevinga, som byggjer vidare på den namnetradisjonen som finst i området frå før, jf. § 1 tredje ledd i forskrift om stadnamn. Kartverket har undersøkt at namngjevinga ikkje kjem i konflikt med nedervde namn på same staden, jf. § 3 i lov om stadnamn. Fosdalskyrkja vert fastsett som skrivemåte av namnet på topp 1773 moh. nordaust for Stryneskåla, jf. § 1 tredje ledd i forskrift om stadnamn.

336307	59	Heisteinen / Høysteinen	Høysteinen	Stein	Ved Nesbøen i Lodalen. <u>Uttale:</u> /hai:'stai:nen/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Skrifttradisjon:</u> Heisteinen i økonomisk kartverk frå 1967 på både stader der namnet førekjem. Namnet er normert Høysteinen både stader i Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Høyringssvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Høysteinen er ok. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Høysteinen. <u>Vurdering:</u> I Indre Nordfjord "lyder ei som ai og øy som ei (eller æi)", etter det som står i boka Nordfjordmålet frå 1930. Den oppgjevne uttalen /hai:'stai:nen/, dersom han er rett attgjeven i Fylkesarkivet, kunne soleis tilseia skrivemåten Heisteinen, men det er vanskeleg å skjønna kva Hei- skulle stå for viss det ikkje tyder høy. Ordet hei f. 'fjellslette' lyder /haid/, og ingen av dei to lokalitetane med namnet Heisteinen/Høysteinen ligg på stader der "Hei(d)-" gjev meining. Men eit oppslag på andre ord med Høy- i førelekken i Fylkesarkivet si namnesamling syner at Høy- generelt er ført opp med /hai:/ som uttale, t.d. Høystakkelada / hai:'stake,la:da/. Det ser soleis ut til at ordet høy generelt bryt mot hovudregelen om at diftongen -ei- i skriftspråket vert uttalt /ai/ medan -øy- vert uttalt /æi/. Det forklarar feiltolkinga som har gjeve skrivemåten Heisteinen i økonomisk kartverk. Skrivemåten Heisteinen skyggjer for meningsinhaldet i namnet, og kan difor ikkje brukast, jf. § 1 fyrste ledd i lov om stadnamn. Høysteinen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 og 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.
579259	59a	Heisteinen / Høysteinen	Høysteinen	Stein	Jf. løyenr. 59 Ved Gjørven i Nedstryn. <u>Uttale:</u> / hai:'stai:nen/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Høyringssvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Høysteinen er ok. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Høysteinen.

985058	60	Hestefjellsnibba / Hestefjellnibba	Hestefjellsnibba	Topp	Ligg òg i Volda kommune. Fjelltopp vest for Kragefjellet. <u>Uttale:</u> Ikkje opplyst. Namnet vart oppgjeve som namn på denne staden av Hornindal kommune i 2014. Fjellnamnet Hestefjellet, som omfattar denne staden, har uttalen /he`stəfje`ljə/, jf. heradsreg. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i Stryn kommune meiner at namneforma Hestefjellsnibba er ok. I eit høyringsvar frå Volda kommune står det fylgjande: "Punktet 1303 moh vert kalla Hestefjellsnibba av strynene. Heile bergveggen i bakkant av Natakupvatnet (mot Stryn), fom Natakupvatnet tom 1303 moh kallar honndølene for Sølvsberget." <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hestefjellsnibba, og syner til at skrivemåten med genitivs-s er tilrådd i høyringsvaret frå Stryn kommune. <u>Vurdering:</u> Eli Folven tok kontakt med Kartverket i 2014 for å få dette namnet inn i kartet på høgd 1303 moh. på grensa mellom Hornindal og Stryn sør for Natakupvatnet, der Sølvsberget då stod som namn. Stryn kommune stadfeste namnet Hestefjellsnibba, og opplyste at Sølvsberget var namn på bergveggen som vender seg nord mot Natakupvatnet. Kartverket flytte då namnet Sølvsberget til opplyst stad, og la inn Hestefjellsnibba som framlegg i Sentralt stadnamnregister (SSR) til seinare formalisering. Det verkar å vera semje om Hestefjellsnibba her, og namnet er rimeleg som namn på toppen på Hestefjellet, som ligg her. Skrivemåten Hestefjellet er vedteken tidlegare i ei namnesak frå 1999. Hestefjellsnibba vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste og tredje ledd i lov om stadnamn.

270018	61	Hestodden	Heststoda	Nes i sjø	<u>Uttale:</u> /'hEs,stO:da/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Skrifttradisjon:</u> Hestodden i sjøkart frå 1971 og seinare, Hestøda i økonomisk kartverk frå 1967. I Fylkesarkivet si namnesamling er namnet normert som Hesstoda. <u>Høyringsvar:</u> Namnekomiteen i kommunen meiner at namneforma Hestoda er ok. Inge Fænn meiner at førelekken i namnet kjem frå hest, at etterleddet kjem frå båtstø, og at namnet skriv seg frå den tida då fjorden var hovudferdselsåre. Han meiner rett skrivemåte er Heststoda. Einar Guddal viser til bygdeboka (Aalandsboka bd. 1), der det står "Solnes, før Heststøda" som bruksnamn. Bruket har der merknaden "var opph. sameigne plass". Anna Vinsrygg, som har diskutert namnet med Oddmund Vinsrygg, skriv m.a. fylgjande: "Vokalen i sisteleddet er i dialekta ein mellomting mellom o og ø og å og finst ikkje i alfabetet. Det vanlege i Stryn er vel å skriva stoda. Eg meiner det er best. Dersom skriftmåten blir det meir normale støda (iallfall nedover Vestlandet), blir uttalen lettare 'normalisert' og." Ho har ikkje noka sterk formeining om førelekken, men ho trur ikkje to s-ar har vore mykje brukt, og føreslår Hestoda. Kristian Solvang skriv at namnet har uttalen /'hEs,stO:da/ med trykk på fyrste staving og tonem 1. Han normerte namnet til Hesstoda i Fylkesarkivet si namnesamling, for han var i tvil om kva ord som låg til grunn for førelekken, og han går framleis inn for Hesstoda som skrivemåte. Han meiner førelekken kan koma av hest (med lydutviklinga -stst- > -sst), av ordet hes f. 'hesje', eller av esje f. 'skiferberg, kleberstein'.
--------	----	-----------	------------------	-----------	--

270018	61	Hestøda		Nes i sjø	<u>Framh. høyringssvar:</u> Katrin Lunde meiner òg at ei ev. endring Heststòda > Hestòda er lett å forklara som haplologi, sidan -st- førekjem to gonger etter kvarandre, jf. haplologi > haplogi. I oppveksten høyrde ho at ein rekna med at namnet var ei samansetning av hest og stød f. 'stø'. Ho meiner at hes f. i tydinga 'hesje' gjev lite meining, for det stod hesjar overalt på Bergsida. Ho trur førelekken kanskje kan koma av ordet esje f., men sidan det er usikkert, meiner ho namnet bør skrivast Hestoda. I eit seinare innspel trur ho at etterlekken kanskje kan koma av toda f. 'gjødning', som ho hav funne i Norsk ordbog av Ivar Aasen, men at det berre vert gissingar. Per Lunde skriv at far hans (1916-2007) var usikker på tydinga, men han opplyste at den vanlege meininga i grenda var at det kom av hest. Han meiner òg namnet bør skrivast Hestoda, og ser ikkje grunnlag for skrivemåten Hesstoda. Arne P. Sunde har alltid trutt at namnet var avleitt av hest, altso Heststoda, der t-en har vorte borte i uttalen. John Erik Nedreberg meiner at Hestoda er ei bra namneform. <u>Tilråding:</u> Språkrådet syner til Fylkesarkivet si namnesamling, der namnet står med merknaden «Normering av føreleddet er usikker. Kan vere "Hest-". Dei skriv vidare at ei fleste høyringssvara går i retning av at det er mest sannsynleg ein etterlekk av hokjønnsordet stød/stø, og at det her er nytta i tydinga 'båtstø'. Somme skriv at det er mogleg hest m. ligg til grunn for førelekken og at staden kan ha vore ein tilhaldsstad for hestar. Dei viser vidare til at Kristian Solvang konkluderer si drøfting med skrivemåten Hesstoda, sidan tolkinga av førelekken er usikker. Språkrådet er i hovudsak samde med Solvang, og tilrår skrivemåten Hesstoda.
--------	----	---------	--	-----------	---

270018	61	Heststoda		Nes i sjø	<u>Vurdering:</u> Tolkinga av meningsinnhaldet i dette namnet er avgjerande for kva skrivemåte namnet skal få, jf. § 1 i stadnamnlova, som fastset at skrivemåten ikkje skal skyggja for meningsinnhaldet i namnet. Tolkinga Hest- i førelekken av namnet syner att både i skrivemåten Heststøda frå Aalandsboka og i Hestodden i sjøkart. Det går fram av høyringssvara at denne tolkinga òg har vore rådande i bygda frå gamalt av, sjølv om det ikkje ligg føre nokon konkret tradisjon om kvifor ordet hest er nytta i dette stadnamnet. Det er nærliggjande å gje Katrin Lunde rett i at tolkinga hes f. 'hesje' verkar lite sannsynleg, sidan det stod hesjar overalt i slåttemarka i eldre tid. Tolkinga esje f. 'kleberstein; (mjuk) skifer', som Kristian Solvang og Katrin Lunde tek til orde for, føreset at ein av desse bergartane finst på staden, og det er det ikkje nokon som har kunna stadfesta. Namneforma Hes- av esje f. ser òg ut til å føresetja bruk av halvemål i målføret. Som Einar Guddal syner til, er Heststøda brukt i bygdeboka (Aalandsboka), og Heststøda eller Heststóda (!) finn ein òg i Stryn historielag sitt tidsskrift frå 1998. Kartverket vurderer at det er sannsynsovervekt for at ordet hest ligg til grunn for namnet, og dette har støtte i skrifttradisjonen både i offentleg bruk og i lokallitteratur. Når det gjeld etterlekken, er det rett som Anna Vinsrygg skriv, at vokalen ligg mellom o, ø og å. Ordet kjem av gamalnorsk stōð f. med same tyding 'stø'. og uttalen i gamalnorsk var òg ein open o-lyd. Skrivemåten -stoda er best eigna til å representera den opne o-lyden i skriftspråket, slik det er vanleg òg i andre ord med open o i målføret. Heststoda vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.

987018	62	Nesfjellet	Nesfjellet	Fjellside	Aust for Avleifjellet. <u>Uttale:</u> /nE:s'fjELe/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /ne:s'fjèl̥ə/ ifylgje Rune Holen pr. tlf. med Kartverket, som oppgjev dette som namn på heile fjellhylla nord for Torvfjellet. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Nesfjellet. <u>Vurdering:</u> Det er venteleg det same Nes- ein har i førelekken her som i Nesskorane og Nesbøen lenger nede. Skrivemåten Nesfjellet er uproblematisk, og namnet er godt dokumentert frå lokal bruk. Nesfjellet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
131409	63	Ramnefjellet	Ramnefjellet	Fjell	<u>Uttale:</u> /ramne'fjEl/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /ra`mnəfje'ʎ̥ə/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Skrifttradisjon:</u> Ramnefjellet i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009, Ramnefjellet i økonomisk kartverk frå 1967. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Ramnefjellet. <u>Vurdering:</u> Ramnefjellet er eit velkjent (eller illgjete) namn på grunn av dei to rasulukkene med steinras herifrå som førde til store flodbylgjer i Lovatnet i 1905 og 1936. Skrivemåten er uproblematisk, men namnet vart teke med i denne namnesaka for å få avsklart skrivemåten av dei avleidde namna som byrjar på Ramnefjell-/Ramnefjells-, og for å få formalisert namnet Ramnefjellshyrna. Ramnefjellet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

253381	64	Ramnefjellbreen	Ramnefjellsbreen	Isbre	Jf. løpenr. 63 <u>Uttale:</u> /ra`mnəfjell(s)bre:´den/, jf. heradsregisteret. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Ramnefjellsbreen. <u>Vurdering:</u> Uttaleopplysninga kan tyda på bruk både med og utan fuge-s, og det same tyder opplysningane for Ramnefjell(s)hyrna på. Hovudmønsteret i Stryn kan likevel tyda på at -fjells- med fuge-s er den vanlege, tradisjonelle samansetningsmåten, og då synest det mest tilrådeleg å gjennomføra den, jf. t.d. Hestefjellsnibba, Tindefjellsbreen og Gamle Strynefjellsvegen. Pkt. 6 i dei utfyllande reglane fastset følgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Sjå Tjøtabreen når det gjeld vurderinga av skrivemåten -breen eller -bredden. Ramnefjellsbreen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
253483	65	Ramnefjellfossen	Ramnefjellsfossen	Foss	Jf. løpenr. 63 <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Ramnefjellsfossen. <u>Vurdering:</u> Det er helst Utigardsfossen som vert nytta som namn på denne fossen lokalt, men det namnet må formaliserast i ei seinare namnesak der alle Utigards-namna kan vurderast under eitt. Namnet Ramnefjellsfossen må fylgja skrivemåten av dei andre Ramnefjells-namna. Ramnefjellsfossen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
987019	66	Ramnefjellshyrna / Ramnefjellhyrna	Ramnefjellshyrna	Rygg	Jf. løpenr. 63 <u>Uttale:</u> /ra`mnəfjell`hy`ŋŋa/, jf. heradsregisteret. Rune Holen oppgjev uttalen /ra`mnəfjellshyŋŋa/ med fuge-s til Kartverket pr. telefon. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Ramnefjellshyrna. <u>Vurdering:</u> Ramnefjellshyrna vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

1072638	67	Rognjuva / Rongjuva	Rongjuva	Elv	Jf. løpenr. 63 Namneobjekttype endra frå 'utmark' til 'elv'. <u>Uttale:</u> /råN'Gu:a/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Skrifttradisjon:</u> Namnet er normert Rogngjuva i Fylkesarkivet si namnesamling. Det avleidde namnet Rongjuvnibba er skrive Rongjuvnibba i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009. <u>Tilråding:</u> Språkrådet peikar på at dei fleste namna i Fylkesarkivet si namnesamling som byrjar på Rogn-, har uttaleforma /rångne'-/, og ikkje /råN'G-/, slik som her. I den same namnesamlinga er det to namn på Rong-: Rongarsteigen /'rånga:rs,teEjen/ og Rongkleiva /rång'klai:va/. Dei meiner det er godt tenkjeleg at dei to namna har ein førelekk som kjem av same ordet, og det er mogleg at det er ordet rong f. '(noko som minner om eit) bogeforma trestykke (i framskuten eller baksuten til ein båt)'. Sidan opphavet er usikkert, finn dei det tilrådeleg å la det få ein skrivemåte som ligg nær den munnlege forma. Dei tilrår difor Rongjuva, Rongjuvgjølet, Rongjuvnibba og Rongjuvneset. <u>Vurdering:</u> Merknaden til Rongjuvnibba, som me har sitert på løpenr. 69, syner at oppskrivaren der òg har vore i tvil om korleis førelekken i Rongjuv skal tolkast, og der er rogn m./f. 'trenamnet rogn' og rong adj. 'vrang, feil' sett opp som alternativ. Kartverket stiller seg bak Språkrådet si vurdering om at førelekken like gjerne kan vera ordet rong f. 'trestykke; rom i fram-/baksuten på ein båt', som her kan vera nytta til samanlikning. I namnet Rongjuvnibba er Rongjuv- òg ein innarbeidd skrivemåte i kart, og det ligg ikkje føre nokon serskilde grunnar til å endra den skrivemåten. Rongjuva vert fastsett som skrivemåte, jf. § 4 i lov om stadnamn.
987012	68	Rognjuvgjølet / Rongjuvgjølet	Rongjuvgjølet	Juv	Jf. løpenr. 67 <u>Uttale:</u> /råNGu'jø:le/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Rongjuvgjølet.

313346	69	Rongjuv nibba / Rongjuv nibba	Rongjuv nibba	Fjell	Jf. løpenr. 67 <u>Uttale:</u> /rå`ŋ(g)ju:ni`bba/, jf. heradsregisteret, som har merknaden "rogn + djuv? eller rong (= vrang, feil) + djuv?). <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Rongjuv nibba.
986903	70	Skaret	Rongjuvskaret (hovudnamn) / Skaret (undernamn)	Skar	Jf. løpenr. 67 <u>Uttale:</u> /ska:´rə/ er opplyst av Rune Holen pr. telefon med Kartverket. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skaret. <u>Vurdering:</u> Det usamansette Skaret er nok brukt heilt lokalt, men i ein større namnekrins er den namneforma lite eintydig. I boka Skåla - fjellet og folket (2011), s. 82 går det fram at namnet Rongjuvskaret har vore brukt om denne staden. Denne langforma av namnet gjev betre rettleiing for ein større namnekrins om kvar staden ligg, og vil difor eigna seg betre som hovudnamn i offentleg bruk. Skaret kan likevel fastsetjast som undernamn, sidan den namneforma òg har lokal tradisjon. Rongjuvskaret vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Skaret vert fastsett som undernamn, jf. § 4 i lov om stadnamn.
761304	71	Rongunes / Rongjuvneset	Rongjuvneset	Nes	Jf. løpenr. 67 <u>Uttale:</u> /råNGu'nE:se/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Rongjuvneset.
983685	72	Rypedalen	Rypedalen	Dal	<u>Uttale:</u> /ry: `pəda:l'n/, jf. Arvid Gjørven pr. telefon med Kartverket. <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen. Rypedalen og Rypedalsnibba vart oppgjeve som namn vest for Kyrkjenibba av André Gjørven i 2018. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Rypedalen. <u>Vurdering:</u> Den lokale tradisjonen for namnet verkar sikker, og skrivemåten Rypedalen er uproblematisk. Rypedalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

983684	73	Rypedalsnibba	Rypedalsnibba	Topp	Jf. løpenr. 72 <u>Uttale:</u> /ry:ˈpəda:lsnibba/, jf. Arvid Gjørven pr. telefon med Kartverket. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Rypedalsnibba.
728385	74	Skadeskaret	Skadeskaret	Skar	<u>Uttale:</u> /ska:ˈdəska:rə/, jf. Ingolf Folven pr. telefon med Kartverket. Han nemner òg Skadeskarfonna /ska:ˈdəska:rfånna/, som låg her tidlegare. <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen. Skadeskaret vart oppgjeve som namn nord for Sunndalen i ei innmelding til Kartverket frå Louise Brunborg-Næss i 2016. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Skadeskaret. <u>Vurdering:</u> Louise Brunborg-Næss har m.a. skrive fylgjande til Kartverket: "Skaret kalles "Skadeskaret" av lokalbefolkningen. Tidligere lå det en bre her som ble kalt "Skadeskre-fonna". Gården Sunndalen har flere ganger blitt rammet av skred fra dette skaret. [...] det [finnes] en skriftlig kilde på navnet: Årbok for Nordfjord 1967, s.113". I den nemnde kjelda står det at garden Sunndalen vart råka av skred ved kyndelsmess-tider, og at "folkene berget seg i et skur under Hjellhammeren, et tilfluktsted når Skadeskrefonna truet." I avisa Sunnmørsposten frå 03.02.1968 står Skadeskarfonna nemnd fleire gonger i samband med snøskred på garden Sunndalen. Tradisjonen for namnet Skadeskaret verkar sikker, og skrivemåten er uproblematisk. Sidan Skadeskarfonna er smelta bort, er det ikkje grunnlag for å formalisera det namnet i tillegg. (Skadeskarfonna er venteleg den rette namneforma, ikkje -skre-, jf. Skadeskaret.) Skadeskaret vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

252346	75	Skåla / Loskåla	Skåla (hovudnamn) / Loskåla (undernamn)	Fjell	<u>Uttale:</u> /skå:ˈla/, ofte /lo:ˈskå:ˈla/ (/sto:ˈræskå:ˈla/), jf. heradsregisteret (1946). <u>Skrifttradisjon:</u> Loskåla er nemnt som namn i boka Skåla - fjellet og folket frå 2011 og i Stryn Historielag sitt Årsskift frå 1999. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til skrivemåtane Skåla og Loskåla, og dei tykkjer det verkar tilrådeleg å lata Skåla verta registrert som hovudnamn og Loskåla som undernamn, slik det er føreslege. <u>Vurdering:</u> I korrespondanse med Kartverket skreiv Rune Holen i eit e-brev 12.09.2018 fylgjande om Loskåla: "Stundom brukt lokalt om Skåla for å hindra samanblanding med andre Skåla-namn i området. Skåla er eit kjent namn i turistsamanheng, og det tykkjest klart at den usamansette namneforma bør vidareførast som hovudnamn, men Loskåla har òg ein dokumentert bruk, og bør òg normerast for offentleg bruk. Skåla vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Loskåla vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.
1071913	76	Steindalen	Steindalen	Dal	<u>Uttale:</u> /stæiˈnda:ˈlen/, jf. heradsregisteret (1946). <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Steindalen. <u>Vurdering:</u> Steindalen vart oppgjeve som namn ovanfor skisenteret som ligg her i ei innmelding av Rolf Melheim i 2019, og Stryn kommune har seinare stadfest at namnet er i bruk. Namnetradisjonen vert òg stadfest indirekte av namnet Steindalselva, som renn gjennom dalen, og som har vore i offentleg bruk frå før. Skrivemåten av namnet er uproblematisk. Steindalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

639034	77	Steindalselva	Steindalselva	Elv	Jf. løpenr. 76 <u>Uttale:</u> /"stai:nda:ls,Elva/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Steindalselva.
131183	78	Steindalsegga	Steindalsegga	Fjell	Ligg òg i Volda kommune <u>Uttale:</u> /stain`dalsèjja/, jf. Vigdis Yddal Mæland pr. telefon med Kartverket. <u>Høyringssvar:</u> I eit svar frå Volda kommune står det at honndølene ikkje har noko eige namn på Steindalsegga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Steindalsegga. Dei peikar på at namnet i kartet er plassert sør for Knutsdalsskaret ganske langt frå Steindalen, og bed Kartverket sjekka om den plasseringa stemmer. <u>Vurdering:</u> Plasseringa av Steindalsegga er påfallande, sidan staden ligg gode 2 km aust for Steindalen, men Vigdis Yddal Mæland stadfester pr. telefon at namnet Steindalsegga vert nytta lokalt om staden der det hittil har stått Steindalsegga på kartet, og ho har òg sjekka med ein annan lokalkjend person som seier det same. Kartverket reknar det soleis som godtgjort at Steindalsegga høyrer heime der det har stått i våre kart. Skrivemåten Steindalsegga er uproblematisk. Steindalsegga vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Namnet beheld same posisjon som før mellom Seljesetskaret og Knutsdalsskaret.

70935	79	Tjøtaelva / Kjøtaelva / Tjøtelva	Tjøtaelva	Bekk	<u>Uttale:</u> /kø:ˈtæˈlva/, jf. heradsregisteret (1946), /Kø:ta'Elva/ i Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Skrifttradisjon:</u> Kjøtaelva i Norge 1:50 000 frå 1973 og 1995, Tjøtaelva i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2007. <u>Høyringsvar:</u> Ingen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tjøtaelva, jf. uttalen opplyst hjå Fylkesarkivet. Dei jamfører med eit likelydande namn i Gloppen kommune, der skrivemåten Tjøtaelva er vedteken i ei tidlegare namnesak. Like eins meiner dei det verkar tilrådeleg å fastsetja skrivemåtane Tjøtaelva, Tjøtabreen, Tjøtafossen og Tjøtaskarven. <u>Vurdering:</u> Eit liknande elvenamn eller bekkjenamn førekjem ved garden Muri lenger nord i Oldedalen i Fylkesarkivet, men der både usamansett i form Tjøta /"Kø:ta/ og i samansett form /Kø:ta'gro:va/, der den usamansette forma venteleg er den røynlege, jf. dei avleidde formene Tjøtestrupen /Kø:te'stru:pen/ og Tjøtegjølet /kø:ˈtəjð:ˈlə/ (sistnemnde frå heradsregisteret). Tjøta har i Fylkesarkivet merknaden "Tjøte=Tyte = lyden,duren frå elva". Det ser altso ut til at målføret har forma tjøte for verbet 'tyta', jf. eldre nynorsk tjota og gamalnorsk þjóta 'tuta, dura, brusa, susa, låta'. Desse tydingane kan verka rimelege òg heilt sør i Oldedalen ved Tjøtaelva og Tjøtafossen, men ein skilnad her er samansetningsmåten med a-fuge, som kan tyda på at det heller er gno. subst. þjótr m. 'tutar' som ligg til grunn for namna her, moglegvis med fossen som primært namneobjekt. Det språklege opphavet tilseier utansett at skrivemåten må vera Tjøt- med Tj- og ikkje Kjøt- med Kj-. Tjøtaelva vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
-------	----	-------------------------------------	------------------	------	---

555806	80	Tjøtabreen / Kjøtabreen / Tjøtebreen	Tjøtabreen	Isbre	Jf. løpenr. 79 <u>Uttale:</u> //kø:ˈtabre:ˈden/, jf. heradsregisteret (1946). <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tjøtabreen. <u>Vurdering:</u> Sjå Tjøtaelva når det gjeld førelekken Tjøta-. Skrivemåten -brenden hadde vore eit mogleg val ut frå uttalen og gamalnorsk breð-, men Stryn har ein eintydig normeringspraksis for -breen, og det er i samsvar med gjeldande rettskriving i norsk. Tjøtabreen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.
975784	81	Tjøtafossen / Tjøtefossen	Tjøtafossen	Foss	Jf. løpenr. 79 Namnet har stått i lister over dei høgste fossane, men har ikkje vore formalisert for offentleg bruk. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tjøtafossen. <u>Vurdering:</u> Tjøtafossen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.
859797	82	Tjøtaskarven / Kjøtaskarven / Tjøteskarven	Tjøtaskarven	Rygg	Jf. løpenr. 79 <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tjøtaskarven. <u>Vurdering:</u> Namnet er ikkje oppgjeve med uttaleopplysningar. Ordet skarv i hankjønn er litt påfallande i landskapsnamn, sidan skarv n. 'sva, snautt fjell' vanlegvis er eit inkjekjønnsord. Men ordet er belagt som hankjønnsord i Norsk Ordbok frå Sogn og Fjordane, og det usamansette Skarven står som stadnamn frå ein annan stad i Stryn i Fylkesarkivet si namnesamling. Tjøtaskarven vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.

989097	83	Torvfjellet	Torvfjellet (hovudnamn)	Fjell	Høgda 1706 moh. aust for Meleinsnibba. Saka gjeld både namnevalet og skrivemåten. <u>Uttale:</u> Rune Holen oppgjev uttalen /tår(v)ˈfjèl̥lə/ pr. tlf. med Kartverket. Han kjenner berre Torvfjellet som namn på staden, og har namnet etter tradisjonen på Lodals-sida. <u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til dei føreslegne skrivemåtane Torvfjellet, Nesbøfjellet eller Solheimsnibba. Sidan dei ikkje er kommenterte i høyringssvara, og heller ikkje finst i Fylkesarkivet si namnesamling, har dei ikkje grunnlag for å seia noko om korleis dei tri namna bør brukast i offentleg samanheng. <u>Vurdering:</u> Namnet Torvfjellet, som er opplyst av Rune Holen, er òg nytta som namn på staden på fjellklatrar-nettstaden Peakbook, og fleire personar har stadfest dette namnet lokalt på sosiale medium i samband med at lokalavisa Fjordingen hadde eit nyhendeoppslag i byrjinga av 2019 om at namnet Meleinsnibba var flytt frå denne staden og til høgda 1566 lenger vest. I eit brev dagsett 21.12.2018 skreiv kommunen at dei hadde vore i kontakt med fleire lokalkjende personar, og dei stadfeste at det var rett å flytta Meleinsnibba til høgda 1566. Ein som dei snakka med, sa at fjellet vert kalla Nesbøfjellet av dei som bur i Loen og Solheimsnibba av dei som bur i Olden. Desse to namna har Kartverket ikkje lukkast i å finna stadfesting for i skriftlege eller munnlege kjelder, og kjeldegrunnlaget er dermed for tunt til at dei to namna kan formaliserast for offentleg bruk. Nesbøfjellet kan i tillegg tenkjast å vera ei forveksling med Nesfjellet, og -nibba i Solheimsnibba verkar litt påfallande for eit so flatt fjell.
989097	83	Nesbøfjellet / Solheimsnibba		Fjell	<u>Framh. vurdering:</u> Torvfjellet vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Nesbøfjellet og Solheimsnibba vert tekne ut av saka og sette som uvurderte undernamn i Sentralt stadnamnregister (SSR).

70175	84	Skoraskaret / Skorskaret	Skoraskaret (undernamn)	Skar	Ligg òg i Volda kommune. Anna namn på Knutsdalsskaret <u>Uttale:</u> /skò:`raska:rə/, jf. Lars J. Nygård pr. telefon med Kartverket. Nygård bur i Hornindalen i det som no er Volda kommune. <u>Skrifttradisjon:</u> I boka Setrar i Hornindal (2008) står det under Strynesetra at "Setrevegen gjekk over Skårdalen og Skåraskaret." I boka Opptur - 267 fotturar i Sogn og Fjordane står det "Knutsdalsskaret, eller Skåraskaret som folk på Seljeset seier." <u>Høyringsvar:</u> I eit høyringsvar frå Volda kommune står det fylgjande: "Knutsdalsskaret er strynene sitt namn på skaret, honndølene kallar det Skoraskaret (går mot Skordalen)." <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skorskaret, og dei rår til at det vert sett som eit undernamn til Knutsdalsskaret. Dei peikar på at skardet ligg attmed Skordalen og Skorsætra, og på at skrivemåtane Skordalen og Skorsætra utan vokalfuge er vedtekne i tidlegare namnesaker. <u>Vurdering:</u> Språkrådet har rett i at ein skulle ha venta Skoraskaret som namneform her, jf. Skordalen og Skorsætra like i nærleiken, men Lars J. Nygård stadfester namneforma Skoraskaret, som Muldsvor opplyste til Kartverket i 2014, og det kan vera fordi samansetningsmåten er annleis i Hornindalen enn i Stryn. I pkt. 6 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Skoraskaret vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Namnet vert sett som undernamn sidan Knutsdalsskaret er godt innarbeidt som hovudnamn frå bruk i kart.

883157	85	Vilkjeneset / Vesleneset	Vesleneset	Nes i sjø	<u>Uttale:</u> /viLKe'nE:se/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vesleneset, og syner til at adjektivet som er lagt til grunn for førelekken, har forma vesle i gjeldande rettskriving. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Vilkje- bryt med § 1 i lov om stadnamn, som fastset at skrivemåten ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, og med § 4 fyrste ledd i lova, som fastset at skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. Eit slikt prinsipp er at -sl-, -tl- og -zl- i gamalnorsk skal skrivast -sl- eller -tl- i moderne norsk, jf. pkt. 3.3. i dei utfyllande reglane. Både Vete- og Vesle- er soleis moglege normeringar, men i Stryn er det sterkest normeringspraksis for Vesle- i stadnamn, og det er berre den skrivemåten det har vore gjort vedtak om tidlegare, jf. dei vedtekne skrivemåtane Vesledalen og Vesledalsbreen. Vesle- er òg i samsvar med gjeldande rettskriving i norsk. Vesleneset vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 fyrste ledd og § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 3.3 i dei utfyllande reglane.
--------	----	-----------------------------	-------------------	-----------	---